



Børsdalselva ovanfor kalkstasjonen

Fylkesmannen har no kome med fråsegn om byggjing av 13 småkraftverk på Folgefonnhalvøya og fremma motsegn i Kvinnherad - til utbyggjing av Børsdalselva og overføring av Sitautevatn til Valedalen kraftverk.

Fylkesmannen frarår utbyggjing av Valedalen og ber NVE om å gjere ei samla vurdering av omfanget av utbyggjing i Herand, Jondalselva, Omvikedalen og Uskedalen.



Fagerdalsvatnet er føreslege regulert

Det er i dag eit høgt tal småkraftverk i Kvinnherad, påpeikar fylkesmannen. Det gjer det vanskeleg å vurdere samla belastning då relevante data om naturverdiar ikkje er samanstilte. Difor bør NVE sjå på summen av inngrepa før eventuelle nye prosjekt vert vedteke.

Til Tverrelva og Eikeelva har fylkesmannen ikkje nokon spesielle merknadar men legg til grunn at omsyn til landskap og friluftsliv vert innarbeidd i konsesjonsvilkåra på vanleg måte.

Om Eikeelva skriv han mellom anna at vegplanleggjinga må skje i samarbeid med kommunen og at det er viktig å samordna eventuelle planar om skogsbilvegar med kraftutbygging for å redusere det totale omfanget av vegbygging mest mogleg.

Inngrepsfri natur er eit mykje nytta omgrep i uttala frå fylkesmannen. Tapet av slike område er stort og merkbar i Tverrelvaprojektet og det er uheldig. Inntak, røyrgate og opprusta vegar gjev nye arealinngrep. Men det er ikkje opplyst om lokal bruk av området og det er difor lite grunnlag for å vurdere eventuell konflikt med friluftssinteressene.

Når det gjeld Børsdalselva sleg fylkesmannen fast at det er konfliktfylt ut frå fleire miljøomsyn. Fleire tema er dårleg dokumenterte og dei negative konsekvensane er undervurderte. Utbygginga vil føre til uakseptable inngrep i INON-områda (inngrepsfrie) på halvøya mellom Uskedalen, Husnes og Matrefjorden. Fjellpartiet med Ulvanåso, Geitadalstind og Englafjell er kjente landemerker i området og fjellpartiet har regional og nasjonal verdi i samband med friluftsliv og reiseliv.

Det går fleire kjente tur- og klatretrasear der. Omtalen av friluftsliv i søknaden er sparsam og lite relevant. Opplevingsverdien vert sterkt redusert ved utbygging med demningar, røyrgate og veg, fråføring av vatn frå vassdraget og endring av bekkeløp frå Kvanngrøtjern. Avbøtande tiltak er ikkje tilstrekkeleg for å bøta på dei negative verknadane. Det er viktig å sikra den urørte og heilskapelege karakteren til dette fjellområdet, held

fylkesmannen fram

Av Ola Matti Mathisen